



Villanger & Sønner AS
Knarvik
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1072 - 19/32947

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
08.11.2019

Mellombels bruksløyve einebustad - gbnr 195/67 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 638/19

Tiltakshavar: Alexander Bue Gjerstad

Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.04.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Trykktest og uavhengig kontroll
2. Ferdigstillelse av carport

Mellombels bruksløyve gjeld bustaden.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.03.2020.

Det vert elles vist til søknad om mellombels bruksløyve motteken 18.10.2019 og supplert 01.11.2019.

I søknad er det gjort greie for endring av ansvarsrett prosjektering av betongdekke over sokkeletasje.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for del av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen 169
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300678417
Bruksareal:	315m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt



Tal på røykløp:	1
-----------------	---

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr 195/67 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: bustaden.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.03.2020.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1072

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alexander Bue Gjerstad	Midtgardshøgda 3D	5915	HJELMÅS
Villanger & Sønner AS	Knarvik	5914	ISDALSTØ